

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Agnes Mowinckels gate 5

SKYSS
Vestre strømkaiene 9
5008 Bergen

Bergen 9/11-2017

SAK: Endring av namn på busshaldeplass i Årstadveien, Bergen

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjend med at Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) i brev til SKYSS 15. mai 2017 ber om å få endra namnet på haldeplassen ved Statsarkivet i Årstadveien. Sjukehuset ønskjer at namnet blir endra til ”Haraldsplass Diakonale Sykehus” eller ”Haraldsplass”.

Så langt Fylkeseldrerådet veit, har sjukehuset ikkje fått svar på brevet pr. 20/10-2017.

Ønskjet om namneskift på haldeplassen blir grunngitt med at HDS i september 2018 skal opna det nye tilbygget til sjukehuset. Hovudinngangen til sjukehuset blir då endra slik at den raskaste tilkomsten vil bli via gangbru over Møllendalselva frå Årstadveien rett overfor stoppestaden som i dag heiter Statsarkivet.

Fylkeseldrerådet støttar søknaden frå HDS om at haldeplassen som i dag heiter Statsarkivet får eit namn som varslar om at dette er stoppestaden for dei som skal til Haraldsplass Diakonale Sykehus, og at namneskiftet skjer når det nye HDS innviast i september 2018.

Alternativt kan haldeplassen få dobbelt namn, både namnet Statsarkivet og eit namn som knyttar haldeplassen til HDS.

Fylkeseldrerådet meiner at ikkje alle som skal til det nye HDS vil vite at Statsarkivet er haldeplassen som ligg nærmest sjukehuset. Neste stopp heiter jo Haukeland sykehus nord, så stoda no er at ingen av dei nærmaste haldeplassane til HDS har namn som gir indikasjon på at det er her ein må gå av om ein vil til HDS.

Fylkeseldrerådet ber om SKYSS sitt synspunkt på saka.

Med venleg helsing

Kåre Ystanes
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland